



Portrett av Andreas Johnsson, lærar og fattigforstandar i Oslo, 1835–1914. Ukjend fotograf

«En idealistisk socialist»

Andreas Johnsson (1835–1914)

«An Idealistic Socialist»

Andreas Johnsson (1835–1914)

Anders Aschim

Professor i religion, livssyn og etikk

Høgskolen i Innlandet

E-post: anders.aschim@inn.no

SAMANDRAG

Andreas Johnsson (1835–1914) var son til ein nordlandsk fiskarbonde og blei utdanna som lærar ved Tromsø seminar. Som mange andre med same bakgrunn kom han til Kristiania som lærar på 1860-talet. Dei fleste nordlandslærarane i Kristiania slutta seg til Venstre i dei politisk turbulente åra sist på 1800-talet, men Johnsson gjekk vidare og blei ein frontfigur i det nystarta Arbeidarpartiet i hovudstaden. Gjennom samanlikning med desse medelevane frå seminaret diskuterer artikkelen moglege grunnar til Johnssons radikalisering. Viktige faktorar er truleg Johnssons mangeårige erfaring med vilkåra til arbeidarklassa i hovudstaden, først som lærar på austkanten, seinare som fattigforstandar, og det omfattande engasjementet og personlege nettverket hans i Kristiania Arbeidersamfund, der han spelte ei sentral rolle gjennom skiftande politiske konjunkturar.

Nøkkelord

Biografi, Oslo arbeidersamfunn, Arbeiderpartiet, folkeopplysning

ABSTRACT

Andreas Johnsson (1835–1914) came from a coastal peasant background in Northern Norway and received his teacher education in the Northern city of Tromsø. Like several of his fellow students from Tromsø Normal School, he became a teacher in the Norwegian capital Kristiania. Unlike most of his peers, who joined the national democratic party Venstre during the politically turbulent period of the late 19th century, Johnsson became a leading figure in the young Labour Party. Comparing Johnsson to this peer group, the author discusses possible reasons for his political radicalization. He suggests that they may be found partly in his professional experiences with working-class conditions as a teacher and later as a social service official in the East End of Kristiania, and partly in his engagement in Kristiania Arbeidersamfund, an organization which was originally philanthropic, but later became an important political institution in the Norwegian capital.

Keywords

Biography, Labour party, popular education

Han var en af socialisternes første foregangsmænd her i Kristiania. Men han var en idealistisk socialist, som var fuld af den lyseste tro paa menneskene og den varmeste begeistring for de ideer, hvis praktiske gjennemførelse ligger saa langt fra virkelighedens og mulighedens verden.

Dette var Aftenpostens karakteristikk av fattigforstandar Andreas Johnsson i samband med dødsfallet hans tidleg på nyåret i 1914. Til og med denne definitivt ikkje-sosialistiske avisa fann grunn til å heidre ein politisk meiningsmotstandar med ein omfattande og relativt sympatisk nekrolog. Hans eige partiorgan Social-Demokraten omtalar Johnsson som «den mest repræsentative skikkelse samfundsstyret hadde» gjennom den mangeårige innsatsen hans i styret for Kristiania Arbeidersamfund. Og frå 1890-talet skal han ha vore «en af de fremtrædende figurer i Det norske arbeiderparti».¹ I dag må nok Johnsson reknast som ein av dei gløymde heltane i arbeidarrørsla. I framstillingane av den tidlege historia til Arbeidarpartiet speler han litra eller inga rolle; her er det folk som Carl Jeppesen, Christian Holtermann Knudsen og Oscar Nissen som dominerer.² I historia om Oslo Arbeidersamfunn fekk Johnsson lenge spalteplass, men i dei to nyaste jubileumsskrifta er namnet hans forsvunne herfrå òg.³

Det viktigaste formålet med ein biografisk artikkel er likevel ikkje å reise minnesmerke over gløymde heltar i arbeidarrørsla. Gruppebiografiprosjektet «Bondestudentar (Frå Nordland)», som denne artikkelen er ein del av, undersøker den historiske rolla til eit bestemt miljø:

Andreas Johnsson høyrde til den flokken som den konservative historikaren Yngvar Nielsen mintest frå studietida si som «en ikke ringe nordlansk Invasion» i hovudstaden.⁴

1. Aftenposten 1914: 1; Social-Demokraten 1914: 4.
2. Koht 1937; Ustvedt 1978; Bull 1985.
3. Øverland 1889; Kringen 1914; Aamot 1939; Zachariassen 1964. Unemnd er Johnsson i Larsen & Geiran 1989 og Viksveen 2014.
4. Nielsen 1910: 213.

Det handlar om ei stor gruppe evnerike gutar frå Nordlands amt med same sosioøkonomiske og kulturelle bakgrunn: Dei var fødde på 1830-talet som søner av småbønder, oftaast fiskarbønder, oppdaga av lokale lærarar og prestar og sende til Tromsø for lærarutdanning ved skolelærarseminaret der på 1850-talet. Etter nokre år som lærarar i nord flytta dei til Kristiania i åra rundt 1860 og fekk seg lærarjobbar, dei fleste med ambisjonar om å studere ved Universitetet. Somme av dei gjorde seinare glitrande karrierar i det norske samfunnet, som «dei to nordlys» Elias Blix (1836–1902) og Anton Chr. Bang (1840–1913), som begge blei universitetsprofessorar og statsrådar, den siste også biskop i hovudstaden. Andre blei vanlege kyrkjelydsprestar nordpå, som Ole Tobias Olsen (1830–1924), også kjend som fotograf og som «Nordlandsbanens far», og Ole Andreas Johannessen (1829–1913). Atter andre døde unge, eller emigrerte til Amerika. Andreas Johnsson var ein av dei få som ikkje søkte til universitetet, men heldt fram i læraryrket.⁵

Tromsø-seminaristane i Kristiania hadde mykje felles. I 1862 skipa dei det første bygdelaget i hovudstaden, «Den nordlandske Forening», som framleis eksisterer, i dag som «Nordlændingernes Forening». Dei var òg mykje saman i uformelle fora. «Vi talte sammen om løst og fast, vi diskuterede alle mulige Spørgsmaal, vi holdt Taler til Kvindens Pris. Saaledes kunde det gaa til langt ud paa Nat», mimrar Anton Chr. Bang. Ikkje minst diskuterte dei spørsmål om opplysing, utdanning, språk og politikk.⁶

Likevel gjekk dei ulike vegar og gjorde ulike livsval. Når dei politiske frontane i Noreg hardna til frå slutten av 1870-åra og utover, fann dei fleste ein naturleg plass i den nasjonal-demokratiske Venstre-rørsla. Det er to tydelege unntak frå denne regelen: Anton Chr. Bang blei høgremann og statsråd i Emil Stangs andre regjering. Og Andreas Johnsson blei sosialdemokrat og sentral Arbeidarparti-politikar i hovudstaden. Kva var det som fekk Johnsson til politisk å skilje lag med kameratane frå seminaret og nordlandsmiljøet i hovudstaden og bli sosialist? Det er dette spørsmålet denne teksten leitar etter moglege svar på.

GRUPPEBIOGRAFI – KOLLEKTIV OG KONTRASTIV

I sin typologi over «biografiernes arketyper» skil den danske historiske biografen Birgitte Possing ut «den kollektive biografi» som ein særleg kategori. Den omfattar «biografier af flere personer af samme slags eller tilhørende samme sociale kategori, familie, erhvervsguppe eller lignende og undersøger fællestræk i en udvalgt historisk gruppe». No dekkjer omgrep som «kollektivbiografi» og «prosopografi», som Possing òg nyttar, eit breitt spekter av tilnærmingar. Sjølv nyttar eg «gruppebiografi» som nemning for eit prosjekt som omhandlar ei relativt avgrensa gruppe, til skilnad frå ein omfattande populasjon med visse fellestrek.⁷

Tromsø-seminaristane i hovudstaden er eit veleigna og interessant kasus for ei slik tilnærming. Som seminarutdanna lærarar sokna dei til det Rune Slagstad har kalla «folke-

5. Biografiar om alle desse i Wiik 1948; jf. òg Aschim 2008a, 2008b.

6. Bang 1909: 119; Ytreberg 1962: 12–18; Aas 2012: 17–20.

7. Possing 2015: 108; jf. Lee 2009: 6, 126. Stenseth 2000 og Fidjestøl 2014 kan tene som norske døme på sjangeren, som er forbausande lite behandla i den teoretiske litteraturen om biografi.

dannelsens elitegrupper» som i siste del av 1800-talet utfordra «dannelsesborgerskapets hegemoni» i det norske samfunnet. Som «regionbyggere i hovedstaden» bidrog dei vesentleg til utviklinga av regionale identitetar i det moderne Noreg.⁸

Men å studere fleire individ saman opnar ikkje berre for å finne fellestrek, men òg kontrastar og individuelle særtrekk. Dette er ein lang tradisjon i biografiens historie, med klassiske døme som Plutarks og Holbergs parallelbiografiar.⁹ Eit særleg vellukka nyare norsk døme er Knut Kjeldstadlis *Mine fire besteforeldre*, der han nyttar ei spesifikk familiehistorie som innfallsvinkel til den store historia om utviklinga av det moderne norske samfunnet.¹⁰

Denne teksten fokuserer på ein einskild person. Men kanskje kan det større miljøet han var ein del av, fungere som eit slag «kontrollgruppe». I forteljinga om Andreas Johnsson er dette bipersonar som på svært mange måtar liknar hovudpersonen, men som er interessante nettopp der dei er ulike, i personleg utrusting eller store og små livsval.¹¹ Etter eit riss av Andreas Johnssons biografi vil eg drøfte moglege faktorar som kan ha verka inn på hans ideologiske utvikling. Hovudgrepet her vil vere samanlikning med andre Tromsø-seminaristar i hovudstaden.

ANDREAS JOHNSSON. LIV OG VIRKE

Andreas Johnsson var fødd på garden Fløstrand i Steigen 29. november 1835. Han blei tidleg foreldrelaus. Faren, fiskaren John Andreassen, fann ei våt grav i desember 1840. Mora Karen døydde 16. februar 1851, 36 år gammal, «af Spedalskhed», seier kyrkjboka. Til konfirmasjonen 25. juli 1852 stod Andreas som nummer 1 på kyrkjegolvet. «Meget gode Evner – udmærkede Kundskaber og meget godt Forhold», har presten notert i kyrkjboka. Han har oppdaga eit talent han vil bidra til å utvikle.

Etter eige utsegn var Andreas Johnsson fleire gonger på lofotfiske. Det er ikkje underleg, med Vestfjorden rett utanfor stovedøra. Men eitt år etter konfirmasjonen blei han send til Tromsø for å gå på skolelærarseminaret. I august 1853 begynte han på den toåriga utdanninga saman med Elias Blix og eit dusin andre halvvaksne gutter. Blix var klassens skolelys og gjennomførte på normert tid. Johnsson var noko seinare av seg og måtte bruke tre år på utdanninga, han som mange andre.

I Tromsø møtte dei ei opplæring prega av traust, tradisjonell og solid luthersk kristendomskunnskap, men òg lærarar prega av ein lys opplysningsoptimisme. Gjennom seminarstyrar Christian Ludvig Rode (1812–1885) fekk elevane kontakt med det nystarta Selskabet for Folkeopplysningens Fremme og tidsskriftet *Folkevennen*, redigert av den pedagogiske tenkjaren Ole Vig (1824–1857). Byen var òg prega av eit liberalt embetsmannsmiljø, med markerte figurar som overlærar Johannes Steen, den seinare Venstre-statsministeren, og adjunkt og avisredaktør Johan Koren Christie.

8. Slagstad 1998: 131; jf. tittelen på Aas 2012.

9. Egeland 2000: 27–30, 39–41.

10. Kjeldstadli 2010.

11. Jf. Aschim 2010: 638.

Vel dimittert frå seminaret i 1856 fekk Andreas Johnsson lærarstilling i Ibestad prestegjeld i Sør-Troms. Her tenestegjorde han i Gratangen i to år. Så gjekk ferda sørover til Kragerø, der han arbeidde som lærar til 1860. Både i Gratangen og i Kragerø fekk Johnsson skotsmål som ein dyktig og reformivrig lærar. I Kragerø samarbeidde han tett med førstelærar Fredrik Hougen, ein sterkt grundtvigiansk inspirert pedagog og ein nær ven av Ole Vig.¹² Her gifta han seg òg med skipperdottera Anne Kathrine Oppen. Det hende 25. juli 1862. Men da hadde han sjølv alt vore i hovudstaden i to år.

Frå 1860 til 1877 var Johnsson lærar ved Grønlands skole i Kristiania, i arbeidarforstaðen aust for Akerselva som nyleg var innlemma i byen. At han var ein populær og entusiasisk lærar, vitnar den gamle eleven Olaf Johannessen om i eit stykke i Social-Demokraten i Johnssons siste leveår:

Og skolemand – det var nemlig Johnsson med liv og sjæl! Det var hans første og det var også hans sidste. Historieundervisningen blev jo rene festtider under Johnsson. Birkebeinernes kamp med baglerne, slaget ved Stiklestad og 1814 var hans idealer – dem, han hadde en sjeldan evne til også at meddele andre.

(«Hos ‘fattigfuten’», 04.11.1913).

Anne Kathrine og Andreas Johnsson budde på Grønland i mange år, og her blei fire av dei fem barna deira fødde. Men i 1878 fekk Andreas Johnsson ny jobb og flytta over elva. Han blei ein av seks fattigforstandarar i hovudstadens fattigvesen og fekk ansvaret for dei sentrale bydelane, med kontor og bustad i Fredensborgveien 14. Midt på 1890-talet flytta familien til «Sofiero» på Nordstrand, ein villa med tre bustader. Kontoret blei verande i sentrum. Her arbeidde Andreas Johnsson jamt og trutt til han gjekk av i 1910. På det tidspunktet hadde Johnsson vore enkjemann i fire år; Anne Kathrine døydde 22. oktober 1906. Sjølv blir Johnsson råka av slag, kjem seg att, men får eit nytt slag i november 1913 og dør 29. januar 1914.

Det er framfor alt organisasjonsmannen Johnsson som møter oss i kjeldene. Det rikaste materialet er knytta til dei mange aktivitetane han engasjerte seg i ut over jobben. Nordlandsforeininga var berre ein av dei. Til liks med fleire andre nordlendingar i Kristiania, mellom dei Elias Blix og Ole Tobias Olsen, kom Andreas Johnsson i kontakt med Ivar Aasen, blei aktiv i målrørsla og tidleg medlem av Det norske Samlaget, målrørslas eldste enno levande institusjon.¹³ Ein annan viktig samanheng var det grundtvigianske miljøet i hovudstaden omkring presten Wilhelm Andreas Wexels, residerande kapellan i Vår Frelsers kirke (Oslo domkyrkje). Johnsson og lærarkollegaen Olaf Røst høyrde til den såkalla

12. Hougen s. a.; Boyesen 1934.

13. Medlemslister for 1875 og 1878, trykt i høvesvis *Nokre Salmar III* og *Gudelege Smaabøker*.

«Mandagsforeningen» som møttest på Møllergata skole. Her var fleire markerte prestar og pedagogar, i opposisjon mot professor Gisle Johnsons meir pietistiske linje.¹⁴

Men framfor alt var det i lærarforeininga, som også hadde Møllergata skole som base, at Johnsson fann sin arena i dei første Kristiania-åra. Denne foreininga var med på å styrke profesjonsmedvitet hos den enno nye lærarstanden; først frå 1840-talet var det blitt fart på den organiserte lærarutdanninga i Noreg. Samtidig gav lærarforeiningane denne yrkesgruppa, som raskt skulle vekse til å bli ein alternativ elite og ei ny politisk kraft, ein øvingsarena for utvikling av dygder som hittil hadde høyrt borgarskapet til – ikkje minst meiningsutveksling i form av offentlege talar og diskusjonar. Eit særleg viktig forum blei dei regionale og nordiske lærarmøta om somrane, der debattane om pedagogiske og politiske spørsmål også nådde eit vidare publikum gjennom utførlege referat i dagspresse og tidskrift. Johnsson tok aktiv del i desse gjennom 1860-åra, både som organisator, som deltarar og som debattant, ofte saman med venen Carl Johan Nielsen (1836–1879).¹⁵ I 1870 var Johnsson òg på studiereise med offentleg stipend til Stockholm for å studere svensk skolevesen.

Lærarmiljøet var dessutan eit drivhus for øving i skriftlege sjangrar, frå sakprosa til høvespoesi. Saman med to andre likesinna lærarar gav Johnsson i 1864 ut både ei eventyrsamling og to songbøker.¹⁶ Johnsson var sjølv ein ivrig, om ikkje spesielt original, høvesdiktar. Gjennom fleire tiår skreiv han òg avisinnlegg om skolevesen og politikk i liberale blad som Aftenbladet, Dagbladet og Verdens Gang.¹⁷ Ei særleg viktig rolle hadde Andreas Johnsson som tidsskriftredaktør. I åra 1865–1872 sat han i redaksjonen for *Den norske Folkeskole*, ein publikasjon sterkt inspirert av dei pedagogiske ideane til N. F. S. Grundtvig og Ole Vig, som hadde vore den første redaktøren av bladet. Anders Skrondal har karakterisert Vigs tidsskrift som «porten som fører frå pietismen sitt tronge skule- og oppsedingssystem over til eit moderne historisk-psykologisk».¹⁸

Frå 1870-talet er det mindre å merke til Andreas Johnsson i dei nordnorske, dei nynorske og dei pedagogiske nettverka. No er det ein annan institusjon som blir heimebanen hans: Kristiania Arbeidersamfund. Heilt frå skipinga i 1864 er Samfundet eit interessant barometer for det ideologiske klimaet i hovudstaden. Dei første femti åra av samfunnshistoria fell saman med dei femti siste leveåra til Andreas Johnsson. Ei tredeling av denne perioden fell naturleg, med dei store kursendringane i 1879 og 1893 som skiljemerke. Johnsson er aktiv gjennom alle dei tre epokane: ein filantropisk-upolitisk fase (1864–1879), ein borgarleg-politisk fase (1879–1893), og ein sosialistisk fase (frå 1893).¹⁹

14. Skrondal 1929: 155.

15. Frogndahl 1971: 64–72.

16. Knutsen, Bentsen & Johnsson 1864a; 1864b; 1864c.

17. Framheva i fleire omtalar av Johnsson: Halvorsen 1892: 174; Dagbladet 1914: 1; Koht 1936: 95. Slike innlegg blei som regel publiserte anonymt og er derfor vanskelege å etterspore.

18. Skrondal 1929: 210.

19. Tilsvarande til dømes hos Olstad 1978; 1980.

82

Trefarvede flag!
symbol som sandhed taler
stig som en farvernes sang.
Hæren, som følger dig,
hirden, som dig hylder,
høit til fanfarers lyd
gjør faneed,
sverger dig med skjoldene at skjerme.

Andreas Johnsson:
(fødd 1835.)

Til vort flag.*)

(17/5—1868.)

Som: Ja, vi elsker dette landet.

Fold dig ud, vort frihedsmærke,
fagre norske flag!
under dig vi vokse stærke
frem til frihed, dag —
under dig på fredens bane
vil vi stævne frem,
under dig, vor hædersfane,
slå for frihed, hjem.

Fold dig ud med fortids minde,
kraftigt som dit blå!
det skal styrke os at vinde,
skjønt vi ere små,
frem til fædres ros og ære,
frem på idræts leid —
ja, med kraft og mod dig bære
høit på fremtids vej.

*) For barnene ved Grønlands skole i Kristiania ved indvielsen av flagget som skolefane. — Sangen opdagedes desværre for sent til at kunne få sin rette plads foran Engebret Hougens „Fanesang“.

Sangen Til Vort Flag vart skriven av Andreas Johnsson til barna ved Grønland skole da flagget vart innvigd som skolefane 17. mai i 1868. Faksimile frå boka Norske flagsange, 1896. Foto: Nasjonalbiblioteket

Det var teologen og sosiologen Eilert Sundt som skipa Kristiania Arbeidersamfund i 1864. Formålet skulle vere å «skaffe sine Medlemmer nyttig og forædlende Underholdning og et hyggeligt Tilflugtssted i deres Fritimer». Rett nok hevdar Edvard Bull at Sundt «var ikke redd for ’politikk’ eller for å ta opp provoserende emner».²⁰ Dei fleste har likevel oppfatta det slik at Eilert Sundt la vekt på at Samfundet skulle ha ein upolitisk profil; i alle fall er det tydeleg at dei gode borgarar som dominerte styret på 1870-talet insisterte på å halde politikken utanfor.²¹ Samtidig skulle Samfundet ha ein tydeleg sosial profil, noko som særleg kom til uttrykk i skipinga av ein sjukekasse.

Det har vore hevda at Johnsson blei ein av Sundt sine nærmeste medarbeidarar i denne første fasen.²² Det er vanskeleg å finne stadfesting for dette i kjeldene. Første gong Andreas Johnsson dukkar opp i medlemsprotokollen for Kristiania Arbeidersamfund, er i 1870, det same året som Sundt forlét Kristiania for å overta sokneprestembetet i Eidsvoll. Til gjengjeld var Johnsson frå og med 1870 særst aktiv i arbeidarsamfunnet. I juni blei han vald inn i styret, og han heldt fram som styremedlem nesten kontinuerleg heilt til 1882, dei fleste åra som nestleiar. Johnsson viste straks evner som igangsetjar av nye tiltak. Han tok initiativet til og blei leiar for ein husflidsskole i regi av Samfundet frå 1871 og i mange år framover. Inspirasjonen til dette hadde han funne på den omtala studiereisa til Sverige.

POLITIKK

Utover i 1870-åra kjem det gradvis sterkare teikn i retning av ei politisering av Arbeidersamfundet. Politiske initiativ kom særleg frå det såkalla Samtalelaget, ein diskusjonsklubb skipa som underavdeling av Samfundet hausten 1872. Dette miljøet utvikla seg til ei intellektuell, opposisjonell og radikal elitegruppe. Johnsson var medlem frå starten, i kortare periodar jamvel styremedlem. Som styremedlem i hovudforeininga var han samtidig ein del av *the establishment*, men han profilerte seg gradvis tydelegare på den radikale fløya i Arbeidersamfundet. Fleire utspel frå hans side i denne perioden kan tolkast som ein vilje til å gi politikken plass. Han fekk ei svært sentral rolle i Samfundet, men òg mange motstandarar, og blei kasta ved styrevalet hausten 1878.

Året etter kom det endelige brotet med den upolitiske linja i Arbeidersamfundet. Den skilsetjande hendinga var det berømte «Flaggmøtet» 13. mars 1879. Bjørnstjerne Bjørnson, Dagblad-redaktøren Haghbart Berner og historikaren Ernst Sars hadde leidt festsalet i Arbeidersamfundet til eit diskusjonsmøte om det reine norske flagget. Dette var altså ikkje eit arrangement i regi av Arbeidersamfundet, men i etterspelet kom det til eit kraftig oppgjer med den konservative leiinga.²³ Frå no av blei styrevala i Arbeidersamfundet oppfatta som partival. Johnsson blei vald inn i eit reint Venstre-styre. Samfundet var i ferd

20. Bull 1985: 309.

21. T. d. Kringen 1914: 15–16; Ording 1937: 34; Aamot 1939: 37–41.

22. Koht 1936: 95; Social-Demokraten 1914: 4 (nekrolog); Wiik 1948: 145; Ytreberg 1962: 17.

23. Denne episoden er utførelig handsama i Aamot 1939: 53–63, og i F. Ottos dagbok fra Oslo arbeidersamfunns arkiv, Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek (Arbark).

med å bli ein Venstre-bastion i hovudstaden, berre unntaksvis avbrote av meir eller mindre vellukka motoffensivar frå Høgre-hald. Partihistorikaren Leiv Mjeldheim reknar Arbeidersamfundet som eitt av Venstres to «vitale sentra» i hovudstaden gjennom åttiåra, saman med den meir elitære Private Liberale Klub.²⁴

I åra rundt 1880 markerer Andreas Johnsson seg som «en af Christianias ivrigste Politikere». Orda er frå den konservative avis *Morgenposten*, og dei er ikkje positivt meinte. Under det første norske fellesmøtet for arbeidarforeiningar i Kristiania i juli 1880 speler Johnsson ei sentral rolle; mellom anna held han innleiing om skolesaker. Men han markerer seg også i andre fora. Ikkje minst pådrar han seg vreide frå den konservative pressa i hovudstaden som medlem av komiteen for det nye Wergeland-monumentet. Det er Johnsson som foreslår – og får fleirtal for – å hente inn den kontroversielle Bjørnstjerne Bjørnson som hovudtalar ved avdukinga i 1881.²⁵

Engasjementet i Arbeidersamfundet resulterte i ein konflikt med arbeidsgivaren. I 1883 fekk Johnsson eit ultimatum frå fattigkommisjonen i Kristiania: Å halde fram som styremedlem ville medføre oppseing frå stillinga som fattigforstandar.²⁶ Grunngivinga for trugsmålet om oppseing var at fritidsverksemda stal av arbeidstida hans, men mange meinte at den reelle grunnen var politisk.

Dette er likevel langt frå slutten på Johnssons aktivitet i Arbeidersamfundet. Han representerer Kristiania Arbeidersamfund på alle dei norske arbeidarmøta i åra 1882–1891.²⁷ Og han kjem med stadig nye initiativ. Johnsson kan med ein viss rett reknast som grunnleggjar både for feriekoloniane for barn og for Folkeakademia. I 1881 stod han bak eit initiativ for «svagelige Børns Ophold paa Landet i Sommerferierne», etter mønster fra Danmark og Tyskland.²⁸ Og i 1883 lanserte han ideen om «Arbeiderakademier» etter svensk modell. Kristiania Arbeiderakademi blei oppretta i 1885. Aktiviteten nådde raskt eit imponerande omfang, men her var det andre krefter som tok det praktiske ansvaret; Johnsson var styremedlem eitt einaste år, 1891–1892.²⁹ Derimot har han styreverv over tid i andre verksemder initiert av Arbeidersamfundet; han sit i styret for Kristiania Arbeiderbank frå starten i 1883 og fleire år framover og er formann i sjukekassa til Samfundet i heile perioden 1885–1893.

24. Mjeldheim 1984: 118.

25. Kringen 1914: 30; Zachariassen 1964: 132–136.

26. Oslo byarkiv (OBA): Fattigkommisjonen til Johnsson 27.06.1883. Brevet er gjengitt m. a. i Kringen 1914: 38; Bull 1985: 357.

27. Om arbeidarmøta, jf. Bull 1985: 362–367.

28. Øverland 1889: 140–142; Loraas & Ruder 2000: 16.

29. Øverland 1889: 143–154; Seim 1974.



Gamle Kristiania Arbeidersamfund i Torggata 14, med Vaskeribakken opp til høgre. 1914. Ukjend fotograf

Rundt 1890 blæs det etter nye vindar i Arbeidersamfundet. Venstre-hegemoniet blir utfordra av den unge sosialistiske rørsla. Etter fleire års indre strid meldte Kristiania Arbeidersamfund seg i 1893 endeleg inn i Arbeidarpartiet, etter kraftig medlemsverving og vakkamp frå begge fløyar.³⁰ Fleire faktorar hadde medverka til dette. Ei gryande sosialdemokratisk rørslle hadde fått vind i segla gjennom store arbeidskonfliktar og ikkje minst gjennom vonbrot over utviklinga i Venstre. Det handla dels om skismaet mellom «reine» og «moderate» Venstre i 1888, men mest om den utsdelege haldninga til innføring av allmenn røysterett og den lunkne haldninga til valsamarbeid i hovudstaden.³¹ Nye folk med radikale synsmåtar hadde inntatt framståande posisjonar i Samfundet, mellom dei erklærte sosialistar som handverkarane og skribentane Carl Jeppesen, Christian Holtermann Knudsen og Ole G. Gjøsteen, legen Oscar Nissen og advokaten Ludvig Meyer.

Den snart sekstiårige fattigforstandar Andreas Johnsson er framleis eit sentralt medlem og ein aktiv debattant og resolusjonsmakar. Nok ein gong er han med på å framkalle eit politisk skifte i Arbeidersamfundet. Etter Samfundets overgang til Arbeidarpartiet var

30. Olstad 1978; 1980.

31. Kringen 1914: 50–51; Aamot 1939: 176–179. Om handsaminga av røysterettsspørsmålet innan Venstre, sjå Mjeldheim 1984: 187–189, 213–214; Sunnanå 1969: 200–211.

Johnsson framleis ein særslig aktiv organisasjonsmann. Han representerte Kristiania Arbeidarsamfund på alle landsmøte i Arbeidarpartiet frå 1895 til 1902, bortsett frå i 1900. I 1901–1903 sat han jamvel i landsstyret.³² Han hadde òg viktige representasjonsoppdrag for partiet. Såleis var han utsending til dei to nordiske «demokratimøta» i Stockholm 1897 og i Kristiania året etter. Her møttest svensk og norsk arbeidarrørslle for å diskutere saker av felles interesse, som røysterett og unionsspørsmålet. Når det gjaldt det siste, var ei ikkje-valdeleg løysing av konflikten vesentleg for arbeidarane.³³

På sine gamle dagar blei Johnsson også fagforeningsmann: Han var aktivt medlem i «Fattigforstandernes faggruppe» i Kristiania kommunale foreining frå skipinga i 1897. Eit årleg høgdepunkt i referata var for øvrig sommarmøtet i styret «paa Johnssons deilige Veranda med Udsigt over Fjorden» på Nordstrand.³⁴

Men no er det yngre krefter som fører an i det politiske arbeidet. Johnsson går stadig meir inn i rolla som gammal heidersmann. I 1897 blir han heidra med eit portrett som blir hengt opp i samfunnsbygningen. Og når han går av med pensjon i 1910, har til og med hans gamle motstandar Morgenposten eit sympatisk portrettintervju.

SEMINARISTEN SOM BLEI SOSIALIST

Det er denne siste etappen i Andreas Johnssons ideologiske utvikling som er særleg interessant og utfordrande. Kva for faktorar var det som fekk den gamle Venstre-mannen til å melde overgang til Arbeidarpartiet? Kan ei samanlikning med ei *peer group* som dei andre Tromsø-seminaristane i Kristiania på noko vis kaste lys over dette spørsmålet?

Andreas Johnsson kom frå tronge kår. Ein slik oppvekst kan nok disponere for samfunnsengasjement på radikal side, men det er ikkje ei tilstrekkeleg forklaring på hans sosialistiske vegval. Mange av seminarikameratane hadde liknande oppveksthistorier, påfallande mange av dei var tidleg farlause. Når skippersonen Anton Chr. Bang landa i Høgre, kan kanskje den sosiale bakgrunnen ha spelt ei viss rolle. Men i dei første åra i hovudstaden gjekk også han inn i dei regionale og språklege motkulturelle rørslene der dei «prøvde å konvertere sin folkelige bygdebakgrunn til kulturell kapital i kampen om samfunnshegemoniet», som Slagstad uttrykker det.³⁵ Dei fleste i denne flokken markerte seg som radikale, det vil seie venstrefolk, i dei turbulente 1880-åra. Men til skilnad frå Johnsson blei dei verande i den nasjonaldemokratiske leiren også fram mot 1900, når det sosialdemokratiske alternativet tok form.

På eitt punkt skil Johnsson seg ut frå dei fleste andre nordlandsseminaristane i hovudstaden: Han søkte ikkje universitetsutdanning, inngangsbilletten til ein embetsmannskarriere. Det er ikkje urimeleg å tenkje seg at dei som med vekslande hell gjennomførte denne klassereisa, samtidig blei sosialiserte inn i eit borgarleg politisk miljø, dei fleste rett nok altså

32. Kringen 1910b: 62, 69; 1914: 147–148.

33. Lange 1962: 110–117, 124–128.

34. Jensen 1947: 22–26, 44; Skar 1969: 20–22.

35. Slagstad 1998: 131.

på venstre fløy. Elias Blix og Ole Tobias Olsen er to nokså ulike døme på dette. Ved hjelp av eigne vegval og gode hjelparar tok Blix steget inn i hovudstadseliten og blei universitetsprofessor og statsråd i Johan Sverdrups Venstre-regjering.³⁶ Olsens karriereveg var langt tyngre, men han blei òg til slutt embetsmann og Venstre-politikar – sokneprest og ordførar i Hattfjelldal, og ordførar i Nordland amtsformannskap.³⁷

Også Andreas Johnsson gjorde si klassereise, men han endte som kommunal funksjonær. No var det nok av funksjonærar som var politisk aktive på borgarleg side, også i Johnssons eige nettverk. Hans seminarkamerat og nære lærarkollega Østen Salomonsen (1837–1927), som var lærar på Grønland og Vaterland i ein mannsalder, var aktiv i Venstre i hovudstaden.³⁸ Og den langt yngre fattigforstandarkollegaen Fredrik Grønbæk (f. 1863), for øvrig også utdanna lærar frå Tromsø seminar, sat som borgarleg representant i Kristiania bystyre.³⁹

Det er ikkje mange kjelder til Johnssons lærarår på Grønland (1860–1877), men det er nok av kjelder om dei problematiske sosiale tilhøva i arbeidarforstaden som nyleg, i 1859, var inkludert i Kristiania by.⁴⁰ Med bustad og arbeidsplass på Grønland har Johnsson hatt førstehands kjennskap til dette. Som fattigforstandar (1878–1910) har han hatt inngående kunnskap om fattigdom, sjukdom og sosiale problem. Dette har utan tvil vore viktige insitament til samfunnsengasjementet hans. Ei konkret sak som viser seg særleg tydeleg i kjeldene, er bustadtilhøva for arbeidarane, som var under sterk kritikk i dei siste tiåra av 1800-talet, ein periode med stor bustadnaud. Johnsson engasjerte seg kraftig for offentlege initiativ til betre arbeidarbustader, særleg tydeleg i åra 1892–1893, altså nettopp i perioden der Arbeidersamfundet dreier i sosialistisk retning.⁴¹ Kampane for normalarbeidsdag og mot prostitusjon var andre saker han deltok svært aktivt i.

Også her kan naturlegvis Salomonsen og Grønbæk tene som moteksempel. Erfaringar med sosiale problem kan fremje aktivt politisk engasjement, men likevel føre til ulike preferansar når det gjeld politiske løysingar.

Ei sak hadde Andreas Johnsson definitivt felles med dei fleste seminarkameratane sine: Folkeopplysingstanken var ei sentral drivkraft for han heilt frå lærarseminaret, via Selskabet for Folkeopplysningens Fremme, gjennom mange års yrkesgjerning i skolen og sosialvesenet, og særleg gjennom aktiviteten i lærarforeininga og arbeidarsamfunnet.

Folkeopplysning var så å seie ein del av seminaristane sitt DNA. Dei hadde møtt tanken gjennom lærarane på seminaret i Tromsø, framfor alt styrar Christian Ludvig Rode, som dei heldt kontakt med også etter at både han og dei var flytta til Austlandet. Fleire var aktive

36. Aschim 2008a.

37. Wiik 1948: 125–126; Elstad 2009.

38. Wiik 1948: 153–154. Salomonsen var opphavleg frå Strandebarm, men var utdanna ved Tromsø seminar.

39. På ei fellesliste for «Høire, Den liberale vælgerforening og Næringspartiet», jf. OBA: Oslo bystyre, Dokumenter 1910; Wiik 1948: 94.

40. Sjå t. d. Myhre 1990: 304–310; Aslaksby 1999.

41. Sjå t. d. Kringen 1914: 92; ei rad notisar i Social-Demokraten. Jf. òg Myhre 1990: 371–372.

kolportørar av Folkeopplysningselskapet sitt tidsskrift *Folkevennen*.⁴² I lærarmiljøet blei folkeopplysingstanken drøfta på lærarmøte, i lærarforeiningar og i tidsskrift som *Den norske Folkeskole*.

I delar av Folkeopplysningselskapet kan ein nok registrere eit tydeleg paternalistisk drag, med eit ovanfrå-perspektiv på folkeopplysningsarbeidet. Johnsson og fleire i lærarmiljøet var kritiske. Inspirasjonen frå Grundtvig og folkehøgskolerørsla stod sterkt i desse kretsane.⁴³ Johnsson var sjølv talsperson for eit nedanfrå-perspektiv der folkeopplysning like mykje handla om sjølvopplysning. Dette kjem mellom anna fram i artikkelen «Oplysnings-Samlag» frå 1872, med konklusjonen: «Før folket mere ligefrem kommer til at tage del i oplysnings-verket, bliver det *småt stel*».⁴⁴

Seminaristane delte seg i synet på Grundtvig. Mange av dei studerte teologi. Dei blei opplærte til ein god porsjon skepsis mot Grundtvig av teologiske grunnar. Dei pedagogiske og nasjonale ideane til Grundtvig femna breiare. Men folkehøgskolen var og blei ein institusjon for bygdeungdom. Arbeidarrørsla i byane måtte skape sine eigne opplysningsinstitusjonar og -kanalar. Arbeidararakademia var ein slik freistnad, rett nok slett ikkje utan paternalistiske drag.⁴⁵

Utdanninga frå lærarseminaret var ein viktig ressurs både for sjølvrealisering og for sosial mobilitet. Ein annan sentral faktor var utviklinga av organisasjonssamfunnet. Ein har gjerne nyttat det samtidige uttrykket «assosiasjonsånd» for å karakterisere den sterke veksten i frivillig organisasjonsliv av ulike slag frå 1840-åra og frametter.⁴⁶ Til liks med Andreas Johnsson var mange av skolekameratane frå seminaret sterkt engasjerte i målrørsla, lærarforeininga og nordlandsforeininga.

Det er interessant at fleire av dei òg var innom Arbeidersamfundet så tidleg som i åra rundt 1870. Det gjeld særleg Johnssons nære ven Carl Johan Nielsen, men òg Ole Tobias Olsen og Ole Andreas Johannessen. Dei var likevel berre med nokre få år i den «upolitiske» perioden. Også Elias Blix er å finne i medlemslistene, men på eitt einaste punkt: våren 1882, eit av åra med innmeldingsaksjonar både frå høgre- og venstresida i forkant av styrevalet i Samfundet. 1882-valet konsoliderte Venstre-regimet i Samfundet og sette ein stoppar for høgresida sine forsøk på å gjenerobre styrerommet.⁴⁷ Når vi kjem til 1890-talet, er Nielsen død, Olsen og Johannessen prestar i Nord-Noreg, Blix rett nok i Kristiania, men i heilt andre sosiale sirklar.

42. Ei rad brev frå tidlegare seminarstyrar Rode til Ole Tobias Olsen (O. T. Olsens privatarkiv, Helgeland Museum Rana) dokumenterer eit sterkt engasjement for Folkeopplysningselskabet og *Folkevennen* mellom dei tidlegare Tromsø-seminaristane i Kristiania. Rode var da blitt residerande kapellan i Lier.

43. Skrondal 1929; Tøsse 2004; 111–118, 129–158.

44. Johnsson 1872.

45. Jf. Tøsse 2004: 208–212.

46. Try 1985; Aschim 2010: 662–665.

47. I medlemsprotokollane er O. A. Johannessen oppført som medlem 1867–1869, C. J. Nielsen 1868–1872, O. T. Olsen 1872–1873 og E. Blix 1882 (innmeldingsdato 17.02.1882), Oslo arbeidersamfunns arkiv, Arbark.

Når alt kjem til alt, er det det sterke engasjementet i Arbeidersamfundet som tydelegast skil Johnsson ut frå dei andre seminar-kameratane. Somme av dei har vore innom ei kortare tid, men han må i periodar nærmast ha budd i arbeidarsamfunnet sine lokale. Vi må truleg leite i nettverka i og rundt Samfundet for å finne dei mest avgjerande impulsane til Johnssons sosialistiske kurs.

Ein kan ikkje sjå bort frå eit mogleg element av opportunisme i Johnssons vegval. Arbeidersamfundet var også ein arena for sjølvrealisering, og Johnsson ser ut til å ha hatt teft for alliansebygging i dragkampen om leiarroller i Samfundet. Her er fabrikant F. Ottos observasjonar i ei dagbok frå åra rundt 1880 interessante. Otto var venstremann og styremedlem, og grunnleggjande sympatisk innstilt til Johnsson. Men han refererer eit spektakulært mislukka forsøk på alliansebygging, der Johnsson feiltolkar grosserer Thomas Chalmer som ein liberal meiningsfelle. På eit anna punkt kommenterer han: «Han er en hul broder, den Johnsen, men klok og dyktig er han.» Har realpolitikaren Johnsson sett kva veg vinden bles i maktkampane i Samfundet på tidleg 1890-tal og sørgd for å manøvrere seg inn på vinnarlaget i tide?

Kjeldene tyder snarare på at Johnsson alt i god tid før 1890 plasserte seg på den sosialistiske sida, men at han i det lengste arbeidde for ein brei politisk allianse i opposisjon mot Emil Stangs Høgre-regjering, eit prosjekt som havarerte da forhandlingar med Venstre i hovudstaden om valsamarbeid i 1891 ikkje førte fram.⁴⁸ Dette kan vere noko av grunnen til at somme historikarar har vore usikre på posisjonen hans. Til dømes omtalar Kr. Aamot uttrykkeleg Johnsson som «tilhørende Arbeiderpartiet» i samband med arbeidarmøtet på Hamar i 1888, og likeeins som sosialist i samband med det tilsvarande møtet i Drammen i 1891. Likevel skriv han nokre sider seinare: «Johnsson tilhørte vel egentlig ikke sosialistene i denne tid, selv om han sympatiserte i mange saker med dem. Det hender jo også at Social-Demokraten gir Johnson adskillige klaps for hans enkelte ganger, skal vi si, balanserende optreden.»⁴⁹ At Johnsson i somme situasjonar opptrødde forsiktig, kan også ha noko å gjøre med balansegangen mellom politisk engasjement og arbeidsliv; han har ikkje gløymt arbeidsgivars ultimatum frå 1883.

Samtalelaget peikar seg ut som eit nettverk som truleg har vore viktig også for Johnssons ideologiske utvikling. Frå starten i 1872 finn vi Johnsson og den konsekvente radikalar Olaus Fjørtoft som ivrige medlemmer. Fjørtoft blei ekskludert frå Samfundet året etter; styremedlem Johnsson speler ei noko tvitydig rolle i akkurat den saka. Aktiviteten i Samtalelaget dabba av utover 1870-talet, men laget blei gjenoppliva i 1879 og spelte ei sentral rolle i dei interne politiske kampane i Samfundet dei neste åra. Alt 29. april 1885 drøftar Samtalelaget spørsmålet: «Hvad er de nuværende Socialisters Grundprinciper og Program?» med styret i Den socialdemokratiske forening – skipa 1. mars same år – som innbedne gjestar. Emnet blir følt opp i fleire møte utover våren.⁵⁰ I dei følgjande åra opptrer Johnsson i ei rad samanhengar i allianse med Chr. Holtermann Knudsen og Carl Jeppesen på nasjonale

48. Nyhuus 1910: 801; Kringen 1910a: 135; Meyer 1935: 94–95.

49. Aamot 1939: 136, 180.

50. Arbark: Oslo arbeidersamfunns arkiv, Samtalelaget, møtebok 1872–1882, 1885–1889.

og lokale arbeidarmøte.⁵¹ I skolesaker, som Johnsson særlig interesserte seg for, fann han ein nær alliert i O. G. Gjøsteen.⁵²

«PAA YDERSTE VENSTRE FLØI»

I hver den kamp, som er ført for at faa arbeidersamfundet over paa radikalere grund har Johnsson staat paa yderste venstre fløi og i alle spørsmål, som har været oppe, har han været med paa det radikaleste standpunkt.⁵³

Sjølv om dette er ei sanning med visse modifikasjonar, er det likevel langt på veg hald i Social-Demokratens lovtale over Andreas Johnsson i nekrologen. Den sosiale bakgrunnen, dei ulike nettverka han var ein del av og dei daglege erfaringane frå yrkeslivet har alle vore formande for den ideologiske utviklinga hans. Konkrete politiske saker som normalarbeidsdag, arbeidarbustader og allmenn røysterett har vore sentrale element i orienteringa i sosialistisk retning, og dei interne nettverka i Arbeidersamfundet har vore den viktigaste miljøfaktoren. Det sosiale engasjementet blir etter kvart viktigare enn det nasjonale, noko som kjem særlig tydeleg fram gjennom deltakinga i dei svensk-norske demokratimøta seinst på 1890-talet, der fred var eit viktigare gode enn nasjonalt sjølvstende.

Likevel er det somme drag ved Johnsson som ser ut til å vere konstante gjennom heile vaksenlivet. «Han bevarte altid grundtvigianismens lyse tro, og hans livlige ånd gav ham en utrettelig virkelyst», skriv Halvdan Koht.⁵⁴ Og det er neppe tilfeldig at det er Aksel Zachariassen, den mangeårige sekretæren for Arbeidernes Opplysningsforbund, som viser Johnsson størst interesse mellom historikarane i arbeidarrørsla.⁵⁵ Iveren for skolevesen og folkeopplysning som demokratiserande og moderniserande krefter delte Johnsson med sine gamle medelevar frå lærarseminaret, sjølv om han politisk gjekk andre vegar enn dei fleste av dei.

LITTERATUR

- Aamot, K. (1939). *Oslo arbeidersamfund gjennem 75 år: 1864-1939*. Oslo: Oslo arbeidersamfund.
- Aas, S. (2012). *Å eg minnest: Regionbyggere i hovedstaden: Nordlændingernes Forening 1862-2012*. Stamsund: Orkana akademisk.
- Aftenposten. (1914, 21. januar). Fattigforstander A. Johnsson.
- Aschim, A. (2008a). *Ein betre vår ein gong: Elias Blix*. Oslo: Samlaget.
- Aschim, A. (2008b). Evangelisten frå Dønna: Anton Chr. Bang og det første nynorske juleevangeliet. *Årbok for Helgeland*, 39, 27–32.

51. Eit lokalt døme er eit amtsarbeidarmøte i Buskerud, referert i Dagbladet 1890: 1.

52. Lange 1937: 187.

53. Social-Demokraten 1914: 4.

54. Koht 1936: 95.

55. Zachariassen 1964: 87.

- Aschim, A. (2010). *Uavslutta vitskapleg etterskrift til «Ein betre vår ein gong: Elias Blix»*. Delarbeid av dr. philos.-avhandling. Universitetet i Tromsø, Tromsø.
- Aslaksby, T. (1999). *Grønland og Nedre Tøyens bebyggelseshistorie*. Oslo: Grønland bydelshus.
- Bang, A. C. (1909). *Erindringer*. Kristiania: Gyldendal.
- Boyesen, E. (1934). Hougen, Fredrik. I E. Jansen (Red.), *Norsk Biografisk Leksikon* (bd. 6, s. 363–365). Oslo: Aschehoug.
- Bull, E. (1985). *Arbeiderbevegelsens historie i Norge: Bd. 1. Arbeiderklassen blir til (1850-1900)*. Oslo: Tiden.
- Dagbladet. (1890, 25. juni). Fra Buskerud.
- Dagbladet. (1914, 21. januar). Fattigforstander Andreas Johnsson.
- Egeland, M. (2000). *Hvem bestemmer over livet?: Biografien som historisk og litterær genre*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Elstad, H. (2009). Ole Tobias Olsen. I *Norsk biografisk leksikon*. Henta fra https://nbl.snl.no/Ole_Tobias_Olsen.
- Fidjestøl, A. (2014). *Frå Asker til Eden: Historia om Askerkretsen 1897-1924*. Oslo: Samlaget.
- Frogndahl, H. M. (1971). *Oslo lærerlag gjennom 150 år*. Oslo: Oslo lærerlag.
- Halvorsen, J. B. (1892). Johnsson, Andreas. I J. B. Halvorsen (Red.), *Norsk Forfatter-Lexikon 1814-1880* (bd. 3, s. 173–174). Kristiania: Den Norske Forlagsforening.
- Hougen, F. (s. a.). *Kragerøminner*. Kragerø: Vestmar.
- Jensen, J. (Red.) (1947). *50 års virke for byens fattige: Oslo forsorgsforstanderes forening: 50-årsjubileum 1897-1947*. Oslo: Eget forlag.
- Johnsson, A. (1872). Oplysnings-Samlag. *Den norske Folkeskole: Tredie Række*, 8, 45–47.
- Kjeldstadli, K. (2010). *Mine fire besteforeldre: En familiefortelling om framveksten av det moderne Norge*. Oslo: Pax.
- Knutsen, S., Bentsen, L. M. & Johnsson, A. (1864a). *Askeladden: Udvalgte Eventyr og Sagn for Børn*. Christiania: Bentzen.
- Knutsen, S., Bentsen, L. M. & Johnsson, A. (1864b). *Bibel- og kirkehistoriske Salmer og Sange for Skole og Hjem*. Kristiania: Bentzen.
- Knutsen, S., Bentsen, L. M. & Johnsson, A. (1864c). *Børnesange for Skole og Hjem*. Kristiania: Bentzen.
- Koht, H. (1936). Johnsson, Andreas. I E. Bull, A. Krogvig og G. Gran (Red.), *Norsk Biografisk Leksikon* (bd. 7, s. 94–95). Oslo: Aschehoug.
- Koht, H. (Red.). (1937). *Det norske arbeiderpartis historie 1887-1937*. Oslo: Det norske arbeiderpartis forlag.
- Kringen, O. (1910a). *De første socialdemokrater i Norge*. Kristiania: Aass.
- Kringen, O. (1910b). *Det norske arbeiderparti: Landsmøter: Beslutninger og resolutioner vedtagne paa samtlige landsmøter fra og med 1887 til og med 1909: Med oplysninger, register og anmærkninger, valg, vigtige mindretalsvoteringer etc.: Et bidrag til partiets arkivarbeide og historie*. Oslo: Det norske arbeiderparti.
- Kringen, O. (1914). *Kristiania arbeidersamfunds virksomhet i tidsrummet 1864-1914: Kort oversigt*. Kristiania: Arbeidersamfundet.
- Lange, H. M. (1937). Arbeiderpartiets historie 1887-1905. I H. Koht (Red.), *Det norske arbeiderpartis historie 1887-1937* (s. 173–285). Oslo: Det norske arbeiderpartis forlag.
- Lange, H. M. (1962). *Fra sekt til parti*. Oslo: Universitetsforlaget.

- Larsen, K. W. & Geiran, F. (1989). *Biene bygger: Oslo Arbeidersamfunn 125 år; Samfunnshuset A/S 50 år*. Oslo: Oslo Arbeidersamfunn/Tiden.
- Lee, H. (2009). *Biography: A very short introduction*. Oxford: Oxford University Press.
- Loraas, Ø. & Ruder, J. (2000). *På feriekoloni: Historien om Hudøy*. Oslo: Schibsted.
- Meyer, H. (1935). *Den politiske arbeiderbevegelse i Norge*. Oslo: Det Norske Arbeiderpartis forlag.
- Mjeldheim, L. (1984). *Folkerørsla som vart parti: Venstre frå 1880åra til 1905*. Bergen: Universitetsforlaget.
- Myhre, J. E. (1990). *Oslo bys historie: Bd. 3. Hovedstaden Christiania: Fra 1814 til 1900*. Oslo: Cappelen.
- Nielsen, Y. (1910). *En Christianiensers Erindringer fra 1850- og 60-Aarene*. Kristiania: Gyldendal.
- Nyhuus, H. (1910). Johnsson, Andreas. I *Illustreret norsk konversations leksikon* (bd. 4, s. 801). Kristiania: Aschehoug.
- Olstad, F. (1978). *Medlemmene i Christiania Arbeidersamfund 1864-1896: En analyse av medlemssammensetningen og medlemsrekryttering* (Hovudoppgåve). Universitetet i Oslo, Oslo.
- Olstad, F. (1980). Fra «konservativt formynderskab» til «klassebevidste arbejdere»: Om sosiale bånd og rekryttering til Christiania arbeidersamfund. *Tidsskrift for arbeiderbevegelsens historie* (2), 111-140.
- Ording, A. (1937). Arbeiderbevegelsen fram til 1887. I H. Koht (Red.), *Det norske arbeiderpartis historie 1887-1937* (bd. 1, s. 1-72). Oslo: Det norske arbeiderpartis forlag.
- Possing, B. (2015). *Ind i biografien*. København: Gyldendal.
- Seim, R. Aa. (1974). *Fra arbeiderakademi til folkeakademi*. Oslo: Folkeakademienes landsforbund.
- Skar, A. (1969). *På vei mot den gryende dag: Norsk kommune forbund gjennom 50 år*. Oslo: Forbundet.
- Skrondal, A. (1929). *Grundtvig og Noreg: Kyrkje og skule 1812-1872*. Bergen: Lunde.
- Slagstad, R. (1998). *De nasjonale strateger*. Oslo: Pax.
- Social-Demokraten. (1914, 21. januar). A. Johnsson.
- Stenseth, B. (2000). *En norsk elite: Nasjonsbyggerne på Lysaker 1890-1940*. Oslo: Aschehoug.
- Sunnanå, O. (1969). *Johannes Steen: Politikaren frå 1880-åra*. Oslo: Samlaget.
- Try, H. (1985). *Assosiasjonsånd og foreningsvekst i Norge: Forskningsoversyn og perspektiv*. Øvre Ervik: Alvheim & Eide.
- Tøsse, S. (2004). *Frå folkeopplysning til vaksenopplæring*. (Doktorgradsavhandling). Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, Trondheim.
- Ustvedt, Y. (1978). *Det norske Arbeiderparti: Hovedtrekk i partihistorien fra 1887 til 1950*. Oslo: Tiden.
- Viksveen, T. (2014). *De som styrt Norge: Oslo arbeidersamfunn 150 år*. Oslo: Oslo arbeidersamfunn.
- Wiik, C. (1948). *Tromsø-seminarister: Biografiske oplysninger om seminarister som er dimittert fra (Trondenes og) Tromsø seminar 1829-1879*. Oslo: Land og kirke.
- Ytreberg, N. A. (1962). *Vær hilset!: Nordlændingernes forening 1862-1962*. Oslo: Nordlændingernes forening.
- Zachariassen, A. (1964). *På forpost: Oslo arbeidersamfund 100 år: 1864-1964*. Oslo: Arbeidersamfendet.
- Øverland, O. A. (1889). *Kristiania Arbeidersamfunds Virksomhed i Tidsrummet 1864-1889: Tilbageblik og Oversigt*. Kristiania: Arbeidersamfundets forlag.